HORDALAND FYLKESKOMMUNE

ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Arkivnr: 2019/2322-28

Saksbehandlar: Toralf Rutledal

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Fylkesutvalet | | 02.05.2019 |

# Tildeling av utfasa PC-ar for 2019

**Samandrag**

Fylkesutvalet har vedteke å etablere ei ordning der organisasjonar og stiftingar kan søke om å få tildelt utrangert PC-utstyr frå Hordaland fylkeskommune, og tildelingskriteria var oppdaterte før 2018-tildelinga, i PS23/18.

Ordninga har vore annonsert på fylkeskommunen sine nettsider og på facebook med søknadsfrist 31. mars 2019, for totalt 50 maskiner som kan delast ut. Det kom inn 28 søknader, som alle vart vurdert opp mot tildelingskriteria. Søknadane spenner over eit breitt spekter av ulike hjelpetiltak både i og utanfor Norge, både i regi av einskildpersonar og etablerte hjelpeorganisasjonar.

Det er mange verdige kandidatar, og for å vurdere dei opp mot kvarandre er gjeve poeng til kvar søknad etter i kva grad dei oppfyller kriteria i utlysinga.

Etter ei totalvurdering vil fylkesrådmannen føreslå følgjande tildeling av PC-ar i 2019. Søkjarar som ikkje er oppført med eit tilrådd tal PC-ar, får avslag:

| Namn på søkjar | PC-ar |
|---|---|
| Children of Zululand | 10 |
| My Sisters Women`s Welfare Association | 14 |
| U-landsforeningen Svalene | 6 |
| JOY Aserbadsjan | 14 |
| Holy Trinity Peace Village | 6 |

**Økonomi:** Ikkje relevant.
**Klima:** Gjenbruk av utfasa materiell kan ha positiv verknad på klimaet.
**Folkehelse:** Lite relevant.
**Regional planstrategi**: Lite relevant.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE | ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek at følgjande organisasjonar vert tildelt PC-utstyr frå Hordaland fylkeskommune i 2017:

| Namn på søkjar | PC-ar |
|---|---|
| Usama Ismael | - |
| Saleh Khoshi | - |
| Children of Zululand | 10 |
| Ytre Arna Sanitetsforening | - |
| Rossland skulekorps | - |
| Aleneforeldreforeningen i Bergen | - |
| Hordaland krins av Norges speiderforbund | - |
| Redd Barna Osterøy | - |
| Kalandseid IL fotball | - |
| Bergen og omegn lokallag av Norges Fibromyalgi Forbund | - |
| Hetlevik Speiderne | - |
| Nye Hetlevikalliansen/Kulturfabrikken | - |
| My Sisters Women`s Welfare Association | 10 |
| Funksjonshemmedes Informasjonssenter | - |
| Landsforeningen Mot Fordøyelsessykdommer, avdeling Hordaland | - |
| U-landsforeningen Svalene | 6 |
| Autismeforeningen | - |
| Norsk Revmatikerforbund Hordaland | - |
| JOY Aserbadsjan | 10 |
| Holy Trinity Peace Village, Kuron, Sør Sudan | 6 |
| Salhus  Mjølkeråen sanitetsforening | - |
| 1 datamaskin for feltarbeidet i Uganda, Jovita Amurwon | - |
| FFO Bjørnafjorden | - |
| Osterøy intergrering og læringssenter | - |
| Blue World | - |

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
fylkesdirektør øk.- og org.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 12.04.2019**

**Saksutgreiing:**
Fylkesutvalet vedtok følgande oppdaterte tildelingskriterium i PS 304/2018, som ligg til grunn for tildelinga:

- Søkjarar utanfor Norge prioriterast.
- Barn og unge i organisert skuletilbod og organisert SFO-tilbod prioriterast framfor bruk i
- administrasjon, studiar, hobby eller leik.
- Etablerte organisasjonar prioriterast. Det kan støttast opp om initiativ i regi av HFK, men dei skal vurderast på lik line som andre søkjarar. Det skal ikkje etablerast hevd.
- Enkeltpersonar vil ikkje verte vurderte.
- Ein skal søkje å oppnå ei geografisk spreiing for tildelingane.
- Gjennom tildelingane skal det søkjast å oppnå ei viss rullering mellom søkjarar for å sikre at flest mogleg aktørar vert tilgodesett.
- Det skal leggast vekt på generell kvalitet på søknaden.

Kvar søknad er vurdert opp mot kriteria, og det er gjeve karakterar i ulike kategoriar etter i kva grad søkjar oppfyller kvart einskild kriterium. Den samla poengsummen gjev så grunnlaget for kven som vert tildelt maskiner, og kor mange maskiner den einskilde søkjaren får.

| Namn på søkjar | Om søkjar og tiltenkt bruk | Utanfor Norge? | Barn og unge? | Org aktivitet for barn? | Etablert aktør | Enkelt-person | Fått før? | Kvalitet søknad | Samla poeng | Tal PC |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Usama Ismael | Enkeltperson søkjer om PC til studium. | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | **1** | - |
| Saleh Khoshi | Enkeltperson søkjer for seg sjølv. | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | **1** | - |
| Children of Zululand | Children of er ein organisasjon som driv utstrakt hjelpearbeid blant barn, unge og funksjonshemma i Zululand, den fattigaste delen av Sør-Afrika. For tida har vi særleg tre skular vi føl tett opp. Det ville vore til uvurderleg hjelp for desse skulane å få eit parti med datamaskiner, som dei kan nytte i undervisninga. | 1 | 2 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | **9** | 10 |
| Ytre Arna Sanitetsforening | Søkjer om PC til bruk i medlemsmøte og eldretreff. | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | **3** | - |
| Rossland skulekorps | Korps søkjer om PC til å skrive ut notar. | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | **5** | - |
| Aleneforeldreforeningen i Bergen | Alenefordeldreforeningen Bergen søkjer om PC til administrasjon. | 0 | 1 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | **4** | - |
| Hordaland krins av Norges speiderforbund | Søkjer om 10 PC-ar til slik bruk: Kursing av patruljeførarar, Speider-LAN3, kursing av unge leiarar og til bruk i det friviljuge apparatet. | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | **6** | 0 |

**Hordaland fylkeskommune**
ØKONOMI - OG
ORGANISASJONSAVDELINGA

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**

Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

| Namn på søkjar | Om søkjar og tiltenkt bruk | Utanfor Norge? | Barn og unge? | Org aktivitet for barn? | Etablert aktør | Enkelt-person | Fått før? | Kvalitet søknad | Samla karakter | Tal PC |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Redd Barna Osterøy | Søkjer om PC til administrasjon og styrearbeid. | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 | **4** | - |
| Kalandseid IL fotball | Søkjer om ein PC til administrasjon, turneringar mm. | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | **4** | - |
| Bergen og omegn lokallag av Norges Fibromyalgi Forbund | Søkjer om ein PC til styrearbeid. | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | **3** | - |
| Hetlevik Speiderne | Søkjer om 4 PC-ar til undervising, prosjekt, websider. | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | **6** | - |
| Nye Hetlevikalliansen/Kulturfabrikken | Søkjer om PC til administrasjon. | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | **3** | - |
| My Sisters Women`s Welfare Association | My Sisters er ein ideell organisasjon, med særlig fokus på de aller fattigaste kvinnene i Etiopia, og borna deira. Hovudfokus, er hjelp til sjølvhjelp. I dette ligg det sosialhjelp, helseklinikk, dagsenter for barnepass og fosterheimstøtte. Unge, einslege mødre får også høve til yrkesutdanning ved eit eige undervisningssenter. I tillegg til dette har vi leksehjelp og bibliotek, der barn og unge kan komme etter skuletid for å arbeide med lekser og få mat. Det er på undervisningssenteret og på My Sisters bibliotek, at desse PC-ane vil være viktige. | 1 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | **7** | 10 |

| Namn på søkjar | Om søkjar og tiltenkt bruk | Utanfor Norge? | Barn og unge? | Org aktivitet for barn? | Etablert aktør | Enkelt-person | Fått før? | Kvalitet søknad | Samla karakter | Tal PC |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Funksjonshemmedes Informasjonssenter | Søkjer om 4 PC-ar til møterom på FI-senteret. | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | **3** | - |
| Landsforeningen Mot Fordøyelsessykdommer, avdeling Hordaland | Søkjer om PC til styrearbeid. | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | **3** | - |
| U-landsforeningen Svalene | U-landsforeningen Svalene er en liten, verdinøytral organisasjon som i Norge baserer seg på frivillig arbeid, dvs. arbeidet i Norge blir gjort på dugnad. Foreininga finansierer drifta av ein kombinert vidaregåande og yrkesskole for<br>fattige jenter i Lima, Peru. Foreininga har drive denne skulen i over 50 år. Skulen har 150 elever kvart år. Ein del av undervisninga består i undervisning i bruk av data. Statsskulane i Peru har nå begynt å krevje at elevane skal ha si eiga datamaskin, dette har skulen ennå ikkje hatt anledning til å skaffe.<br><br>Yrkesskulen Cristiania i Lima har fått 5 PC-ar frå Hordaland fylkeskommune både i fjor og i<br>forfjor, og dei er i full bruk som elevmaskiner. | 1 | 2 | 2 | 1 | 1 | 0 | 1 | **8** | 6 |
| Autismeforeningen | Søkjer om to PC-ar til styrearbeid. | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | **3** | - |
| Norsk Revmatikerforbund Hordaland | Søkjer om PC til styrearbeid. | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | **3** | - |

| Namn på søkjar | Om søkjar og tiltenkt bruk | Utanfor Norge? | Barn og unge? | Org aktivitet for barn? | Etablert aktør | Enkelt-person | Fått før? | Kvalitet søknad | Samla karakter | Tal PC |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| JOY Aserbadsjan | Senteret tilbyr dagsenter-tenester samt individuell oppfølging av barn og familiar. I 2018 starta JOY et skuleprosjekt på senteret, der målet er å gje barn med funksjonshemmingar lese- og skrive ferdigheiter.<br><br>Datamaskiner til bruk i opplæringa vil vere ei stor hjelp. JOY har kontakt med fleire hjelpemiddelinstansar i Norge som kan hjelpe med å tilpasse datamaskinene til barn med cereberal parese. Eit fagteam i Norge med mellom anna spesialpedagogar følger opp de tilsette i arbeidet med lese- og skriveopplæringa. | 1 | 2 | 2 | 1 | 1 | 1 | 2 | **10** | 10 |

| Namn på søkjar | Om søkjar og tiltenkt bruk | Utanfor Norge? | Barn og unge? | Org aktivitet for barn? | Etablert aktør | Enkelt-person | Fått før? | Kvalitet søknad | Samla karakter | Tal PC |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| JOY Aserbadsjan | Senteret tilbyr dagsenter-tenester samt individuell oppfølging av barn og familiar. I 2018 starta JOY et skuleprosjekt på senteret, der målet er å gje barn med funksjonshemmingar lese- og skrive ferdigheiter.<br><br>Datamaskiner til bruk i opplæringa vil vere ei stor hjelp. JOY har kontakt med fleire hjelpemiddelinstansar i Norge som kan hjelpe med å tilpasse datamaskinene til barn med cereberal parese. Eit fagteam i Norge med mellom anna spesialpedagogar følger opp de tilsette i arbeidet med lese- og skriveopplæringa. | 1 | 2 | 2 | 1 | 1 | 1 | 2 | **10** | 10 |

| Namn på søkjar | Om søkjar og tiltenkt bruk | Utanfor Norge? | Barn og unge? | Org aktivitet for barn? | Etablert aktør | Enkelt-person | Fått før? | Kvalitet søknad | Samla karakter | Tal PC |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Holy Trinity Peace Village, Kuron, Sør Sudan | Norwegian Friends of Peace Village – Kuron er ein norsk organisasjon som mellom anna driv ein 3-årig førskule der born lærer å lesa og skriva. I førskulen er det +/- 70 born. Så vert det drive ein internatskule for +/- 270 elevar frå 1. – 8. klasse. Prosjektet er nesten 100% finansiert ved støtte frå internasjonale organisasjonar.<br><br>Målet er difor no å få etablert ei vidaregåande utdanning i Kuron. Søknaden gjeld 6 PC-ar for bruk i denne planlagde vidaregåande skulen, til bruk både for lærarane og i elevundervisninga. | 1 | 2 | 2 | 1 | 1 | 0 | 1 | **8** | 6 |
| Salhus Mjølkeråen sanitetsforening | Søkjer om PC-ar til administrasjon og kurs for eldre i lokalmiljøet. | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 | **4** | - |
| 1 datamaskin for feltarbeidet i Uganda, Jovita Amurwon | Søkjer om ein PC til bruk i ein pilotstudie med eldre i Uganda. | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | **2** | - |
| FFO Bjørnafjorden | Søkjer om PC til bruk i styrearbeid. | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | **3** | - |
| Osterøy intergrering og læringssenter | Søkjer om PCar til utlån til elevar ved Osterøy integrering og læringssenter. | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | **3** | - |
| Blue World | Søkjer om 4 PCar til administrasjon. | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | **3** | - |